



Notat

Dato: 21.02.2018
Arkivsak: 2017/2682-78
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Ad. nytt namn på busshaldeplass i Årstadveien i Bergen

Det vert vist til sak PS 40/2017 Ad. brev frå fylkeseldrerådet til Skyss angående nytt namn på busshaldeplass ved Haraldsplass Diakonale sjukehus.

Skyss svarte på brevet den 05.12.2017. Brevet frå Skyss vart delt ut i møte i fylkeseldrerådet den 07.12.2017. Brevet er og vedlagt denne saka.

Fylkeseldrerådet ba om å bli heldt orientert om den vidare utvikling i saka. Vi har no motteke ein E-post frå Skyss. Her går det fram at:

«Vi har fulgt opp dialogen med Haraldsplass ved deres kommunikasjonssjef Ingrid Færøyvik. De vurderer for tiden å ta i bruk elektroniske skjermer for å vise avgangstider for buss ved de nærmeste holdeplassene. Skyss har en teknisk løsning for dette som sykehuset kan ta i bruk når og hvor de ønsker det.

Haraldsplass er for tiden under omfattende ombygging, og i byggeperioden er det skiftende behov for skilting for gående mellom sykehuset og aktuelle bussholdeplasser. Haraldsplass vil selv holde i arbeidet med denne skiltingen i tiden fremover. De er invitert til å ta kontakt med Skyss ved eventuelle behov som vi kan bidra til å dekke.»

Til informasjon.